



**Statens vegvesen**



**Møre og Romsdal  
fylkeskommune**

Herøy kommune i Møre og Romsdal  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:  
18/74086-6

Dykkar referanse:  
2017/1291

Vår dato:  
26.03.2019

## **Fv 18 – Herøy kommune – Detaljreguleringsplan for Leite Fritidsområde – Offentleg ettersyn – Uttale**

Viser til brev av 8.2.2019 frå Herøy kommune.

Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til detaljreguleringsplan for Leite Fritidsområde –  
ettersyn etter vedtak i Herøy formannskap 13.11.2018 i sak 202/18.

Statens vegvesen har fylgjande kommentarar og merknader:

→ Som kjent står det i rådmannen si saksutgreiing til formannskapssak 202/18 dette m.a;  
*«Tiltakshavar har no lagt si plangrense i grensa for FV. 18, noko som inneber at det ikkje  
blir endringar i reguleringsplan for FV. 18. Illustrasjonsplanen i planomtalen viser  
imidlertid høgder også på tilkomstvegen i reguleringsplan for FV. 18. Den signaliserer at  
avkøyrsla frå ny fylkesveg vert liggande på ca kote 8,3 m.o.h. Høgder og fall for øvrig  
kjem fram av illustrasjonen. Statens vegvesen må i høyringa bekrefte at desse høgdena  
ikkje kjem i konflikt med regulerte høgder i reguleringsplan for FV 18.»*

Når det gjeld framtidige høgder på fylkesvegen er det i føresegnene (§ 3) i  
reguleringsplanen *Fv. 18 Leine – Remøyholm* sagt at :*«Høgdena på plankartet er ikkje  
bindande, men rettleiande for utarbeiding av byggjeplan.»*

Det er Herøy kommune som har stått føre utarbeidinga av reguleringsplanen for aktuelle  
fylkesvegstreking.

I tråd med det som skrive står i planføresegna vert detaljerte framtidige høgde på  
fylkesvegen å fastsetje samband med utarbeiding av byggjeplan for utbetringa av veggen.

---

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

- Det må innarbeidast i reguleringsplanen at avkøyrsla og tilkomstvegen frå fylkesvegen til fritidsområde til ei kvar tid, både i høve til eksisterande veg og etter at vegen er utbetra etter reguleringsplanen *Fv 18 parsell Leine – Remøyholmen*, må ha ei geometrisk utforming – samt frisikt – i samsvar med krav nedfelt i vegnormalen N100.
- Vi føreset at det i reguleringsplanen vert innarbeidd rekkjefylgjekrav om at bygningar og småbåthamna innafor planområdet ikkje kan takast i bruk til regulert arealføremål før avkøyrsla og tilkomstvegen frå fylkesvegen er opparbeidd i samsvar med utformings- og siktkrav nedfelt i vegnormalen N100.

Utover dette har vi ikkje særskilde kommentarar og/eller merknader til planframlegget.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Hallvard Sæverud  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE